

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: 8KDNVB

Registrert dato: 05.05.2021 09:17:38

Innleiing	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	
<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
Opplysningar om innsendaren	
Førenamn Knut Arild	
Etternamn Langeland	
Adresse Sagstadvegen 47a	
Postnummer 5918	Poststad FREKHAUG
Telefon 99769691	
E-post landknut@gmail.com	

Høyringsuttale
Høyringsuttale
Velj høyringsuttale:
<input checked="" type="radio"/> Detaljregulering for Langeland B5
Uttale Utbyggingsområdet ligger tett opptil grensen til vår eiendom som er en gård i drift. Vi har konkrete planer om å utvide driften til å innbefatte området Fagerdalen, Storeknappen, Litleknappen mm. Tidligere hadde vi tilgang til denne delen av eiendommen via området Torvvegen som i dag er utbygd. Alternativ tilgang ble da, i samråd med grunneier Frank Dale, lagt via B5 og skogsveien som forlenger SV5 i plantegningen. Skogsveien er bekostet av oss. For å sikre fremtidig adkomst til vår eiendom, og dermed opprettholde en tilgang vår gård har hatt i generasjoner, bør Grunneier av 324/5 få tinglyst veirett for SKV1 og SV5 frem til vår eiendom.

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: XVBYPV

Registrert dato: 07.05.2021 13:43:47

Innleiing
Uttalen blir gjeven <input type="radio"/> Personleg <input checked="" type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining
Opplysningar om føretak/lag/foreining
Føretak/lag/foreining Storeknappen Vel
Namn på innsendar Kjartan Storsæt
Rolle Leiar velforening
Adresse Torvvegen 41 A
Postnummer 5919
Poststad Frekhaug
Telefon
Telefaks

Høyringsuttale
Høyringsuttale
Velj høyringsuttale: <input checked="" type="radio"/> Detaljregulering for Langeland B5
Uttale Hei. Viser til brev til private hjemmelshavere og underlag ifbm høring. Eg har på vegne av Storeknappen Vel følgande kommentarar og innspel: 1: Det er etablert midlertidig sandleikeplass for Torvvegen på området ved BBB1 som følge av tidlegare forseinka etablering av sandleikeplass på område F1 i reguleringsplan for Langeland og det er også i dette reguleringsforslaget indikert sandleikeplass innanfor BBB1. Omfanget av denne nye leikeplassen bør også hensynta brukarar fra eksisterende boligfelt. Leikeplassen vart godkjent av Meland kommune hausten 2011. 2: Det er i reguleringsforslaget indikert renovasjonsområde BRE1 for nytt felt og planar om nedsenka containerlønsning for BBB1. Arealet inngår allerede i eksisterende reguleringsplan for Langeland og kjem under virkeområdet for velforeninga Storeknappen Vel. I forbindelse med utbygging av boligfelt Langeland gård (no Torvvegen) var dette området definert av tiltakshavar som areal for parkering/gjesteparkering i salgsprospekt og området er i aktiv bruk til dette formålet i dag. Det vart også fra velforeninga avtalt samleplass for bossdunkar for

nedre del av Torvvegen med NGIR i tilknytning til området ved postkasser og trafo på samme sted. Angitt regulering og bruk til fjernvarmeanlegg har ikkje vorte realisert. Dersom arealet skal kombinerast med renovasjonsområde med slikt arealbeslag for nytt boligfelt må areal for BRE1 utvidast tilsvarande mot nord for å oppretthalde samme funksjonalitet for eksisterande boligfelt med hensyn til både buss innsamling og ikkje minst kapasitet for gjesteparkering.

3: Etter etablering av Torvvegen vart ansvaret for Privat veg Torvvegen (inkl SKV1) og tilhøyrande veglysanlegg overlevert fra utbyggar til velforeninga Storeknappen Vel etabl.19.02.2007, som ved brev til Meland kommune (v/Bjordal) informerte om etablering av Veglag som er Styret i Velforening Storeknappen Vel. - Veglaget har ikkje vore forespurt om bruk, eller involvert i prosess for detaljprosjektering for bruk av veg for adkomst til nytt boligfelt men er tidlegare kjent med planar for reguleringsarbeidet gjennom dei offentlige høyringane og muntlig informasjon frå tiltakshavar. Oppgradering av dimensjoneringsklasse til Sa1 for SKV1 synes heilt nødvendig med den tiltenkte trafikkbelastninga og ein forutset også effektive tiltak for å sikre tryggleik for uteområda ved tomannsbustader aust for vegen. Ein stiller spørsmål til i hvilken grad kommunen og tiltakshavar kan regulere og ta i bruk privat veg, der Storeknappen Vel i dag ber ansvar og kost for drift og vedlikehald av vegen for andre partar/ formål/brukarar utan vidare avklaringar eller formaliteter og evt overføring av risiko og ansvar.

4: Angående trafikkisikringstiltak ved kryss fra Torvvegen SKV1 mot fylkesveg Fosseskarvegen.Velforeninga viser til tidlegare innspill til kommunen ved høyring av den første trafikkisikringsplanen for Meland kommune. Her er det påpeikt moa. behov for fartsgrensejustering i del av Fosseskarvegen fra Sagstadvegen tom. avkøyring til Meland Aktiv. Her er hastigheita i dag høg og det er kaotiske tilstandar i området i tilknytning til skulestart- og slutt samt ved dei fleste skiftetidene for aktivitet på Meland Aktiv/Fossemyra. Overgangsmulighetene på fylkesvegen (Fosseskarvegen) er i dag dårlige og umerka og ein ser born i førskule- og barneskulealder som aleine skal håndtere trafikken og kryssing av fylkesvegen.

5: I tidlegare vedtak i Meland Kommune er det beskrive prosess for overtaking av drifts og vedlikeholdsansvar for veg og trafikklysanlegg for definerte byggefelt i kommunen etter ferdigstilling av utbyggingsperiode. Byggefeltet Torvvegen er beskrive i denne oversikta. Utbyggingsarbeidet for feltet er ferdigstilt med unntak av ein bustad og velforeninga anmodar kommunen om å gjennomføre slik overtaking mht. drifts- og vedlikeholdsansvar for veg og veglysanlegg. Ref omfanget av endring også beskrevet i pkt 3.

6: Flaumrisiko er beskrive i reguleringsforslaget. Når det gjeld dreneringstilhøve for området ved den planerte plassen ved BBB1, har ein opplevd fleire tilfelle med overvatn opp til >30cm djupne og utvasking av veglegemet i området fra denne plassen til området med planlagd avkøyring til nytt boligfelt. Dette kjem som følge av overvatn fra BUT3 og BBB1 ved større nedbørmengder Spesielt etter avskoging og tømmertransport ut av området har dette forverra seg, og infiltrasjonen på tomte er betydelig forringa i forskjell til tidlegare. Det må sikrast tilstrekkelig funksjon og kapasitet på denne dreneringa og vannopptak fra terreng nord for området må handterast effektivt.

7: Det er i reguleringsforslaget beskrive forslag til løysing for overskuddsmassar og jordtipp med eit av alternativa på landbruksmarka ved feltet. Bebuarane i Torvvegen har hatt ulempa med tidlegare jordtipp og etablering av ny mark på område L1. Resultatet er no bra, men perioden med opparbeiding og deponering av blautmyr-massar var direkte farleg for born i området og medførte stor grad av tilgrising av veg, mekanisk slitasje på veglegeme og avrenning av slam. Velforeninga ønsker ikkje nye 5 år med jordtipp i tilknytning til feltet.Den nemnde jordtippen på Langeland har vore ein belastning over ein lenger periode for alle i nærområdet og bruken har som kommunen allerede kjenner vore langt utanfor godkjende rammer og med sær høg belastning og risiko for trafkksituasjonen og bebuarar i området rundt, med tunge køyretøy, støy, støv og også visuelt skjemmaende løysingar.

8: Støvproblematikk under utbygging og drift av veg fram til asfaltering er ein kjent problemstilling og det må i gjennomføringsplanen sikrast klare forutsetningar for oppfølging av dette.

9: Sør aust for tomannsbustader i Torvvegen er det ein stikkveg/landbruksveg tilknytta Sagstadvegen og

bebyggelsen der. Det er etablert privat skilting om gjennomkøyning forbode for andre enn faste bebuarar i Sagstadvegen, men denne vert i liten grad registrert- og respektert i dag. Med auka trafikkbelastning på oppgradert vei SKV1, må det gjennomførast trafiksikringstiltak for å unngå risiko i denne avkøyninga som ikkje er berekna som gjennomkøyringsveg. Her har ein allerede opplevd situasjonar med nære påkjørsler av fotgjengarar.

10: Det bør avklarast tidsramme- og rekkefølgekrav for igangsetjing og ferdigstilling av tomter og infrastruktur for det regulerte området, for å unngå at anleggsarbeid, tungtrafikk og belastning knytta til dette strekker seg over år.

Helsing

Kjartan Storsæt

Leiar Storeknappen Vel

Vår referanse 2021/16919-5
Dato 10.05.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Fråsegn til detaljregulering - gnr 324 bnr 4 m.fl. - Langeland B5 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 29.3.2021 om høyring av forslag til detaljregulering for Langeland B5. Planforslaget legg til rette for ca. 60 nye bueiningar fordelt på einebustadtomter, rekkjehus og leilegheitsbygg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering

Areal og transport


Planområdet ligger omlag ein kilometer frå Frekhaug senter, og ligger soleis godt lokalisert for å fremme gang- og sykkelmobilitet i kvardagen.

Samferdsel

Vi vil vise til Statens vegvesen si uttale til varsel om oppstart av detaljreguleringsplanen, datert 17.03.2016. Dei kravde at det måtte etablerast eit separat tilbod for gåande og syklande langs fv. 244 (no fv. 5308) Sagstadvegen før bustadområdet kan byggast ut.

I rekkjefølgjekrava i punkt 3.11.1 a) er lagt til tiltak utanfor planområdet før det vert gjeve byggeløyve i planområdet. Her vert det krevja opparbeidd tilbod for gåande og syklande jf. Vedteke reguleringsplan *fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244* med PlanID 125620170003, vedteke 17.09.2020. Vi meiner difor dette kravet er ivareteke, og at ein då vert sikra trafikktryggleik for gåande og syklande som skal i retning Frekhaug.

Statens vegvesen meinte og då at planområdet burde utvidast til å omfatte fv. 244 (no fv. 5308) frå kryss med Fossekavvegen til kryss med fv. 564 på Frekhaug. Vi meiner dette er ivareteke med den plan 125620170003.



Utsnitt frå reguleringsplan Langeland B5

Det er regulert fortau langs Fossekarvegen i aust, som nok skal koplatt på utbetringa av fv. 5308 (tidlegare 244) Sagstadvegen. Då det er lagt inn rekefølgjekrav om opparbeidinga av Sagstadvegen, meiner vi det og bør vera krav om opparbeiding av o_SF9 som ein del av før igangsetjingsløyve under punkt 3.11.2 i føresegna.

Denne planen grensar til fleire planar og det er difor viktig å kunne sjå heilheita i området og utanfor planavgrønsinga. Det er ikkje nemnd skuleveg i forbindelse med planen. Men vi ser at det går fortau langs Fossekarvegen i vest, utanfor planområdet, og det er eit overgangsfelt som kryssar fv. 5308 Sagstadvegen mot barneskulen her. Vi ser at dette vil vera eit knutepunkt for mjuke trafikantar frå dette planområdet i tillegg til nærliggande planområde. Vi vurderer at trafiktryggleiken for mjuke trafikantar ved kryssing av Sagstadvegen her er ivareteke.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar

Liz Eva Tøllefsen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksbehandlarar:

Lillian Bakke Byrknes, seksjon for veg og infrastruktur

Sigrun Wølstad og Berit Vik, seksjon for kulturarv

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I Njøsavegen 2
VESTLAND

STATENS VEGVESEN LEIKANGER Askedalen 4
KONTORSTED



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Uttale - Offentleg ettersyn - Alver - 324/4 m fl - Langeland B5 - detaljregulering - ref 16/2214 FMHO

Vi viser til brev frå kommunen datert 29.03.2021. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for Langeland B5. Plandokumenta er godt gjennomarbeidd, men har manglar kring sentrale vurderingar av naturmangfald. Statsforvaltaren har også merknad til vurdering/handtering av kantvegetasjon, landbruk og friluftsliv.

Statsforvaltaren har vore i kontakt med kommunen for å tilby eit dialogmøte, men har ikkje fått svar. Reguleringsplanen har frist i dag, og vi ser det difor som naudsynt å fremje motsegn til reguleringsplanen innan fristen, jf. grunngjevinga nedanfor.

Naturmangfald

Heile planområdet er innafor nedbørsfelt til Mjåtveitvassdraget og 360 meter frå sjølve Mjåtveitelva. I avsnitt 7.11 planomtalen går det fram at overvatn frå planområdet til slutt vil bli leia mot Mjåtveitelva og vi er uroa over at bestanden av elvemusling i vassdraget kan verte ytterlegare råka av ureining.

Første skriftlege kjelder om førekomst av elvemusling i Mjåtveitelva er frå år 1720. Nedbørsfeltet til elva er over tid sterkt endra som følgje av ulike utbyggingar dei siste tjue åra og den samla negative belastninga på vassdraget er stor, jf. naturmangfaldlova § 10. Det har sterkt påverka både vasskvalitet og habitatkvalitet for livet i vassdraget. I 2012 vart det funne fleire hundre døde elvemuslingar under det som skulle vere ein redningsaksjon for bestanden. Ingen levande elvemuslingar vart då observert. Ved gjennomgang av elva var heile elvebotnen dekkja med eit tjukt lag av partiklar. Sedimentering av sjølv reine jord – og steinpartiklar til vassdraget er svært skadeleg for livet i vassdraget fordi det hindrar oksygentilførsle til elvebotnen.



Avrenning av jord - og steinpartiklar til Mjåtveitelva 30. mars 2011. Sedimentering av slike partiklar er årsaka til massedød av elvemusling i 2011/2012 i Mjåtveitelva. Foto: Magnus Johan Steinsvåg/Fylkesmannen i Hordaland.

Nyleg gjorde Mjåtveitelvens foreining og lokale fridykkarar funn av fleire elvemuslingar, kanskje så mange som over 100 individ, ovanfor det som var antatt å vere vandringshinder i Mjåtveitelva. Denne delen av vassdraget har også tidlegare blitt gjennomført av biologar, men på grunn av djupt og ureina vatn vart det då ikkje observert elvemusling. Etter 2012 er det gjort eit fåtal funn av glochidielarvar (larvar av elvemusling) på fisk, som har vist at det har vore svært få elvemuslingar att. Denne attverande førekomsten av elvemusling i Mjåtveitelva vart vurdert som svært fåtalig og vurdert som kritisk trua.

Derfor er må ein alle typar saker som omfattar aktivitetar som graving, sprenging og hogst ta utgangspunkt i nedbørsfeltet til viktige vassdrag. Ein må ha klarheit i kva vegar overvatn vil ta og vurdera tiltak for å sikra adekvat sedimentering før overvatnet vidare møter viktige vassvegar til resten av vassdraga.

Elvemuslingen er nasjonalt raudlista som trua (VU), og bestanden i Mjåtveitelva må sjølv etter dei siste funna klassifiserast som kritisk trua.

I høyringsframlegget for detaljregulering av bustadområde og tilhøyrande infrastruktur på Langeland, er ikkje moglege konsekvensar av utbygginga for elvemusling og anna liv i Mjåtveitvassdraget vurdert jf. naturmangfaldlova § 8 og 12. Dette er heller ikkje omtala i ROS-analysen jf. plan- og bygningslova § 4-3.

Konsekvensane av utbygginga på vassdraget må utgreiast. Tiltak for å hindre avrenning av partikkelhalding overvatn (turbiditet ikkje overstige 1 FNU) vere ein integrert del av planløysinga og



tilhøyrande føresegnar jf. naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Førebyggjande tiltak som sedimenteringsbasseng mv. for å hindra skadeleg avrenning, må vere følgde opp mot rekkefylgjekrav, slik at dette er på plass før anleggsarbeid tek til. Vidare må det vere klare ansvarstilhøve for gjennomføring og finansiering for implementering, drift og vedlikehald av desse tiltaka i føresegn. Utbygging etter endeleg vedteken plan må overvakast av uavhengig konsulent/føretak med særleg kompetanse på vasskvalitet. Kostnader av dette må dekke av tiltakshavar jf. naturmangfaldlova § 11.

Framtida for Mjåtveitvassdraget

Med dei nye funna av elvemusling har vi fått ein ny sjanse til å berga den unike bestanden av elvemusling i Mjåtveitelva. Forhåpentlegvis er bestanden høg nok til at vi kan låne ein del elvemuslingar til kultiveringsanlegget på Austevoll for å styrka bestanden og Statsforvaltaren har ei koordinerande rolle i dette arbeidet. I mellomtida må både habitatkvalitet og vasskvalitet i vassdraget betrast. Det vil ikkje vere mogleg utan strenge og trygge føringar på eventuelle nye aktivetar i nedbørsfeltet til Mjåtveitelva. Statsforvaltaren er i dialog med Alver kommune om korleis ein saman kan gjennomføre tiltak og forvalta areala i området på ein god måte.

Kantvegetasjon

Planen legg opp til å halde bekken i planområdet open og har lagt omsynssone «bevaring naturmiljø» i eit området rundt bekken. Føresegna til omsynssona er:

«Innanfor omsynssone H560 skal bekken haldast open, med naturleg eller parkmessig vegetasjon rundt. Ved bygging i område BKB, må det takast omsyn til bekken. Tverrsnittet på bekken må behaldast i same storleik for ikkje å minske kapasiteten, jf. VA-rammeplanen.»

Formåla langs bekken er LNF-område på eine sida og kombinert formål næringsbyggingar og tenesteyting på andre sida.

Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr jf. vassressurslova §11. Om dette skal fråvikast må det søkast dispensasjon frå vassressurslova. Statsforvaltaren meiner i utgangspunktet at kantvegetasjonen skal oppretthaldast langs bekken. Vi meiner difor at føresegna til omsynssona bør stadfeste at naturleg kantvegetasjon skal oppretthaldast i dette område. Vi meiner også at det er uheldig at kombinert formål går heilt ned til bekken, då dette kan føre til uklarheit kring kva området opnar for. Vi rår til at området nærast bekken får grønt-formål.

Landbruk

Deler av planområdet er registrert som fulldyrka areal. Dette er i hovudsak set som LNF-formål, men tilkomstvegen går igjennom dette området å skal utvidast. Denne utvidinga vil omdisponere dyrka mark, og vi kan ikkje sjå at dette er omtalt. Plandokumenta må vere klar på kor mykje dyrka mark som vert omdisponert og kva konsekvensar dette vil ha for landbruket.

Friluftsliv

Det går ein sti til i kanten av planområdet i nordvest, til Storeknappen. Stien ser ut til å gå litt innafør og litt utafør planområdet. I planområdet vil stien ha bustadformål. Det er i planområdet lagt til rette for at ein kan ta seg til Storeknappen gjennom bustadfeltet og gjennom G1 nord i planområdet. Dette er sjølvstekt bra, særleg for bebuarar i dette bustadfeltet. Statsforvaltaren meiner likevel at ein i større grad burde forsøkt å lage eit grøntareal rundt den eksisterande stien, i staden for å bygge han ned. Storeknappen er nærturterreng for mange, og når ein ønsker å gå ut i naturen er det ein



verdi at ein slipp å gå igjennom bustadfelt for å kome dit. Stien ligg i ytterkant av planområdet og det burde ikkje vere eit stort problem å legge til rette for bevaring av stien. Eventuelt kan det settast rekkjefølgjekrav om flytting av stien om dette lar seg gjennomføre. Vi rår til at planarbeidet legg til rette for dette vert gjort.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Vestland fremjar motsegn til reguleringsplan for Langeland B5. Motsegna gjeld manglande vurderingar kring avrenning til den kritisk trua elvemuslingen i Mjåtveitelva og er forankra i naturmangfaldlova.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/61391-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.05.2021

Uttale til offentlig ettersyn og høyring – detaljregulering for Langeland B5, gnr. 324 bnr. 7 mfl. – Alver kommune.

Vi syner til høyringsbrev datert 29.03.2021 med forslag til arealplan for Langeland B5 i Alver kommune. Merknadsfrist er sett til 10.05.2021.

Saka gjeld

Planområdet er på om lag 44 daa og ligg på Langeland på Holsnøy. I høyringsbrevet opplyser Alver kommune at planområdet omfattar gnr. 324, bnr. 4. mfl. Vi kan ikkje sjå at bnr. 4 inngår i planområdet.

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for oppføring av einebustader og fleirmannsbustader i form av rekkjehus og leilegheitsbygg med tilhøyrande infrastruktur og funksjonar. Det er òg planlagt eit næringsbygg for bevertning, aktivitets- og konferansesenter heilt sør i planområdet. Samla legg planforslaget til rette for ca. 60 nye bustadeiningar og om lag 1900 m² med næring. Grad av utnytting ligg på mellom 20–45 % BYA.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane, og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegner av staten, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar for vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at vi har eit overordna ansvar for at trafiksikkerheit, klima og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir varetatt i alle planforslag som gjeld samferdsel. Dette gjev oss rett til å stille

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

Arealpolitiske føringar for planarbeidet

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremje utvikling av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I høve til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange.

Planlegginga skal legge til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i områder med press på bustadmarknaden, med vekt på gode regionale løysningar på tvers av kommunegrensene.

Nullvisjonen

I Nasjonal transportplan for 2018–2029 (Meld. St. 33 2016–2017) er det fastsett eit etappemål for utviklinga i talet på drepte og hardt skadde. Ambisjonen er at det maksimalt skal være 350 drepte og hardt skadde i 2030.

Nullvisjonen er en klargjering av at det er moralsk og etisk uakseptabelt at folk vert drept eller hardt skadd i trafikkulykker. I tillegg utgjør ulykkene en kostnad ved trafikksystemet som vi ikkje kan godta, på tross av de fordelane vegtrafikken gjev.

Nullvisjonen er altså både en etisk vegvisar og ei retningslinje for det vidare arbeidet med trafikktryggleik i Noreg. Dette betyr mellom anna at transportsystemet, transportmidlane og regelverket for åtfærd skal utformast på en måte som fremjar trafikksikker åtfærd hos trafikantane, og i størst mogleg grad medverkar til at menneskelege feilhandlingar ikkje fører til alvorlege skader eller død.

Vår vurdering av planforslaget

Planområdet har ein sentral plassering i Alver kommune, og ligg nær senterområde Frekhaug, Sagstad skule og Fossemyra idrettsanlegg/Meland Aktiv.

Planområdet har tilkomst frå kommunal veg via kryss Fv. 244. Veg O_SKV1 og O_SKV2 er regulert med fortau. Det er knytt rekkefølgjekrav til opparbeiding før igangsetjingsløyve.

Reguleringsplan for Fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av Sagstadvegen er nyleg vedteke i Alver kommunestyre den 17.09.2020. I planen er det regulert gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen. Føresegnene pkt. 3.11.1 har med seg eit rekkefølgjekrav om at det må vere opparbeidd separat tilbod for gåande og syklende langs Fv. 244 Sagstadvegen, frå kryss

med Rosslandsvegen til kryss med Fosseskarvvegen, jf. vedteke reguleringsplan , PlanID 1256 2017 0003 – før det kan gjevast byggeløyve innanfor planområdet.

Merknad: Føresegnene må rettast opp slik at ordlyden viser til nytt vegnummer som er Fv. 5308 Sagstadvegen.

Etter Statens vegvesen si vurdering er tilhøve knytt til trafikktryggleik tilfredsstillande ivaretatt i dette planframlegget. Vi har ingen merknader til reguleringsplanen slik den no ligg føre.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN



Notat

Til: Ingrid Raniseth

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur/Bente Kopperdal Hervik
Vår referanse: 20/159 - 15 / PlanID-125620060004, Plannavn-Plansak -1256 2016
0001 Detaljregulering for Langeland B5 Gbnr 324/4, Komnr-4631,
GBNR-24/7, FA-L13
Dato: 10.05.2021

Emne: Detaljregulering for Langeland B5, gbnr 324/4 m.fl. - Offentleg ettersyn og høyring - uttale kultur

Viser til høyring og offentlig ettersyn for detaljregulering for Langeland B5, gbnr 324/4 m.fl.

Området kring Storeknappen er eit av få større friluftsområde kring Frekhaug, og det er svært viktig å ta vare på og sikra tilkomst til dette området. I føresegnene til planen står det mellom anna at «sti til Storeknappen skal koplast til grønstruktur (G1) og interne vegar i planområdet» før det kan gjevast løyve til igangsetting av nye bustader i BFS1-BFS6, BKS og BBB2. Det bør setjast som krav i føresegnene at tilkomst til stien skal skiltast heilt frå avkøyringa ved Fosseskarvegen og gjennom heile feltet fram til grønstruktur G1.

I teiknforklaringa til plankartet er det vist til turveg (GTD). Me kan ikkje finna denne att i kartet.

Mvh

Bente K. Hervik
Rådgjevar
Avdeling for kulturutvikling, idrett og frivilligheit

Arkiv: <arkivID><jplD>
PlanID-
125620060004,
Plannavn-Plansak -
1256 2016 0001
Detaljregulering for
Langeland B5 Gbnr
324/4, Komnr-4631,
GBNR-24/7, FA-L13

JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 30.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/21	Eldreråd	19.04.2021
018/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	19.04.2021
017/21	Ungdomsråd	19.04.2021

**Detaljregulering for Langeland B5, gbnr. 3244 m.fl. - Offentleg ettersyn og høyring
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:

Handsaming:

- 1) I saksutgreiinga går det fram at det frå kommunen si side er stilt krav om at 50% av bueiningane skal ha trinnfri tilkomst. Dette meiner vi er altfor lite, og i planarbeidet framover må det leggjast til grunn at ein langt større del, helst alle nybygde bueiningar har trinnfri tilkomst. Ein bustad skal ikkje berre fungera på innflyttingstidspunktet, men òg når dei som bur der går over i ein annan livsfase. Vidare skal bustaden ikkje berre vera open for dei som bur der, men òg t.d. for ein nabo i rullestol som kjem på besøk.
- 2) I den vidare oppfølginga av planen må det leggjast vekt på universell utforming, medrekna trinnfri tilkomst. M.a. er det viktig å kunna koma inn med rullestol eller tvilling-barnevogn ikkje berre i blokkene, men òg i einbustader og rekkjehus.
- 3) Generelt opplever rådet at vi kjem for seint inn i denne typen saker. Vi ønskjer difor å få byggjesaker som tema på eit seinare møte, med orientering frå tilsette i kommunen som arbeider med denne typen saker.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 018/21 Vedtak:

- 1) I saksutgreiinga går det fram at det frå kommunen si side er stilt krav om at 50% av bueiningane skal ha trinnfri tilkomst. Dette meiner vi er altfor lite, og i planarbeidet framover må det leggjast til grunn at ein langt større del, helst alle nybygde bueiningar har trinnfri tilkomst. Ein bustad skal ikkje berre fungera på innflyttingstidspunktet, men òg når dei som bur der går over i ein annan livsfase. Vidare skal bustaden ikkje berre vera open for dei som bur der, men òg t.d. for ein nabo i rullestol som kjem på besøk.
- 2) I den vidare oppfølginga av planen må det leggjast vekt på universell utforming, medrekna trinnfri tilkomst. M.a. er det viktig å kunna koma inn med rullestol eller tvilling-barnevogn ikkje berre i blokkene, men òg i einbustader og rekkjehus.
- 3) Generelt opplever rådet at vi kjem for seint inn i denne typen saker. Vi ønskjer difor å få byggjesaker som tema på eit seinare møte, med orientering frå tilsette i kommunen som arbeider med denne typen saker.

Ungdomsråd 19.04.2021:

Handsaming:

UR- 017/21 Vedtak:

Tatt til orientering. Samrøystes

Eldreråd 19.04.2021:

Handsaming:

Ingrid Raniseth-rådgjevar Plan og byggesak orienterte om saka.

Eldrerådet slutta seg til utgreinga og tidlegare vedtak i saka.

ER- 016/21 Vedtak:

Eldrerådet slutta seg til utgreinga og tidlegare vedtak i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Dokumenta til saka finn du her:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/hoyringar-og-kunngjeringar/detaljregulering-for-langeland-b5---offentleg-ettersyn-og-hoyring/>

Vedlegg i saken:

08.04.2021	Detaljregulering for Langeland B5, gbnr. 3244 m.fl. - Offentleg ettersyn og høyring (L)(365455)	1539666
08.04.2021	18_vedtak-langeland-b5	1539665
30.03.2021	Notat til råda	1535906

ALVER KOMMUNE
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 23.04.2021
Vår ref.: 201600749-6
Arkiv: 323
Dykkar dato: 30.03.2021
Dykkar ref.: 20/158 - 21/13180

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
95875035/toot@nve.no

NVE si fråsegn til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Langeland B5 – Gnr. 324 bnr. 4 mfl. - Alver kommune

Vi syner til brev datert 29.03.2021. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Langeland B5. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for utbygging av bustader, næringsbygg og aktivitets- og konferansesenter.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene er vurdert i planarbeidet.

NVE har ingen merknader til Multiconsult si skredfarevurdering

De ynskjer (jf. e-post datert 30.04.2021) bistand frå NVE om skredfarevurderinga og oppheving av faresona sett i kommunedelplan for Meland.

Vi har tidlegare hatt ein dialog med dykk knytt til skredfare og kvalitet på skredfarevurdering for planområdet. I e post datert 27.11.2019 sende de over ei skredfarevurdering utarbeidd av ABO plan & arkitektur. I vårt svar datert 29.11.2019 hadde vi nokre kritiske kommentarar og spørsmål til vurderinga. Vi rådde dykk til å krevje ein ny uavhengig rapport. No ser vi at Multiconsult har utarbeidd ein ny rapport (datert 17.01.2020) som friskmelder planområdet med omsyn på skredfare.

NVE har ingen merknader til Multiconsult sin rapport, eller til konklusjonane i den. Skredfarevurderinga overprøver aktsemdområde, og då også omsynssoner i overordna plan som er basert på aktsemdområde.

De bør markere flaumveggar i plankartet

I vår tilbakemelding 29.11.2019 peika vi på at bekkane/vassvegane bør takast hand om og først gjennom planområdet i opne og rett dimensjonerte løysingar. Vi ser i ROS – analysen og VA-planen at

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



løysinga er gjort greie for. Overvatn skal gå delvis i open kanal, men og lukka under Torvvegen. De bør syne flaumvegane i plankartet, her under flaumvegar på overflata om lukka system skulle gå tett eller få for dårleg kapasitet.

Med helsing

Ann-Kristin Larsen
seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Fra: Jan Arne Salhus <JanArne.Salhus@bkk.no>
Sendt: onsdag 12. mai 2021 16:29
Til: Postmottak Alver
Emne: Detaljregulering for Langeland B5 - Offentlig ettersyn og høring

Hei

Viser til tidligere uttale fra BKK Nett og som står ved lag.

Innspill og presisering til detaljreguleringen:

Det vil sannsynligvis være behov for nettstasjon nr. 2 i feltet, og det er i forutsetningene i planen kun beskrevet at det må avsettes plass for den.

Eksisterende nettstasjon (BE) er vist på plankartet, og kan forsyne deler av feltet.

Ny nettstasjon kan f.eks. plasseres ved BRE3 evt. inne på et av boligområdene i nærheten (gule områder).

Vennlig hilsen

Jan Arne Salhus

BKK Nett AS

Regional forvaltning & Plan Midt

Postboks 7050, 5020 Bergen | Besøksadresse: Kvassnesvegen 56, Knarvik

Sentralbord : +47 55 12 70 00 | Mobiltelefon: 90 18 95 20 | T dir.: +47 555 70 271 |

<https://www.bkk.no/>